

Jf. adresseliste

Sakshandsamar: Finn Owen Meling
Telefon direkte: 45427874
Dato: 23.02.2017
Referanse: 14/03146-21

Høring - søknad om endring av konsesjonsvilkår for Ålvik helikopterplass

Statkraft Energi AS (org 987 059 729) har søkt om løyve til å gjennomføra inntil 3000 helikopterrørsler knytt til Ålvik helikopterplass og det nærliggjande riggområdet i 2017.

1. Bakgrunn

Statkraft Energi AS fekk 19.08.2015 mellombels konsesjon frå Luftfartstilsynet til å driva og inneha Ålvik helikopterplass, Bjølvo kraftstasjon. Konsesjonen varer fram til 31.12.2017.

I konsesjonsvilkåra stod det mellom anna at konsesjonen gjeld for inntil 7000 flyrørsler i løpet av 2016 og 2017, inkludert hoveroperasjonar. Talet på flyrørsler blei føreset sett fordelt cirka likt per år, slik at maksimalt 60 % av trafikken kunne verta avvikla innafor kvart av dei to åra.

I e-post av 11.11.2016 søkte Statkraft Energi AS om dispensasjon frå konsesjonsvilkåra. Dispensasjonssøknaden gjaldt talet på flyrørsler. Konsesjonshavar skreiv at det hadde vore ei misforståing mellom byggherre, entreprenør og ytaren av helikoptertenester, når det gjaldt forståinga av omgrepet flyrørsler. Konsesjonshavar skreiv at slik dei hadde oppfatta situasjonen, så hadde Fonnafly (ytar av helikoptertenester) per 31.10.2016 gjennomført 2599 rørsler med pilotar og personell, i tillegg til 2321 lasteoppdrag som i ytterste konsekvens utgjorde 4642 rørsler. Dette var meir enn dei 4200 dei hadde løyve til i konsesjonen.

Statkraft Energi AS ba i dispensasjonssøknaden om løyve til 8000 flyrørsler for 2016. Dette vart innvilga av Luftfartstilsynet i vedtak datert 11.11.2016. Luftfartstilsynet sette samstundes som vilkår at ytterlegare flyrørsler, det vil seie flyrørsler i 2017, måtte bli søkt om særskilt.

2. Nærare om søknaden

Gjeldande søknad knytter seg altså til den avsluttande delen av prosjektet med riving av Gamle Bjørlo kraftverk, og det behovet for flyrørsler som Statkraft Energi AS har i den samanhengen.

Statkraft Energi AS har søkt om å få drifta landingsplassen frå 01.01.2017 til 31.12.2017 med til saman 3000 flyrørsler. Flyrørslene vil bli fordelt med 2900 rørsler som kan ta maks last på 1250 kg, og 100 rørsler med maks last på 3800 kg.

Alle flygingane skal skje i perioden måndag til fredag frå kl. 0700 til kl. 2000.

Konsesjonshavaren skriv at flygingane innafor dette tidsrommet vil skje på grunnlag av vêr- og lystilhøve, føresegner om arbeidstid og eventuelle andre føresegner det aktuelle flyselskapet måtte ha.

Konsesjonshavaren nemner også i søknaden at ein gjennomgang av taler på flyrørslar i 2016, viste at talet ikkje var så stort som det vart tatt høgde for i dispensasjonssøknaden i november 2016. Riktig tal for 2016 var 4690 flyrørslar, som altså er klårt mindre enn dei 8000 flyrørslene som det blei gitt løyve til i dispensasjonsvedtaket.

3. Konsesjonsregelverket

Alle som vil starta opp, driva eller inneha ein landingsplass skal som hovudregel inneha konsesjon, jf. lov 11. juni 1993 nr. 101 om luftfart (luftfartslova) § 7-5 første ledd. Ifølgje luftfartslova § 7-6 skal konsesjon berre bli gitt når det kan bli sameina med allmenne omsyn. Det skal bli henta inn uttale frå tilknytta kommunale og andre offentlege instansar før konsesjon eventuelt blir gitt.

Vilkåret «forenlig med allmenne hensyn» er nærare presisert i forskrift 11. januar 2007 nr. 40 om konsesjon for landingsplassar (BSL E 1-1 – heretter konsesjonsforskrifta) § 1 bokstav b, som har slik ordlyd:

«Formålet med forskriften er:

b) Å sikre en samfunnstjenlig luftfart og en hensiktsmessig disponering av arealer, og at vurderingen av konsesjonssøknader skjer ut fra hensynet til miljø, helse, flysikkerhet, næringsinteresser, reguleringsplan, kulturlandskap, samt hensynet til regional utvikling og bosetting.»

Det følgjer vidare av luftfartslova § 7-7 at konsesjon blir gitt for ei bestemt tid, og på slike vilkår som ein finn grunn til å krevja. Etter fast praksis vert det fastsett vilkår for utøving av konsesjonen, såkalla konsesjonsvilkår.

4. Høyringa

Luftfartstilsynet vil overfor høyringsinstansane understreka at Statkraft Energi AS allereie har ein gjeldande konsesjon for Ålvik helikopterplass. Denne varer ut året 2017.

Denne høyringsrunden gjeld ein søknad om endring av konsesjonsvilkåra, i dette tilfellet kor mange flyrørslar konsesjonshavaren skal få høve til å utføra i tilknytning til landingsplassen. Ei flyrørslar er definert som enten ein avgang eller ei landing med luftfarty.

Konsesjonshavar har altså søkt om totalt 3000 flyrørslar for 2017, med flygingar i perioden måndag til fredag frå kl. 0700 til kl. 2000.

5. Høyringsfrist

Me ber om at eventuelle uttale til søknaden og konsesjonsvilkåra blir sende til Luftfartstilsynet **innan 10. april 2017**. Dersom det er naudsynt med lengre høyringsfrist, ber me om at de kontaktar Luftfartstilsynet om dette.

Med unntak av dette høyringsbrevet, blir ikkje dokumenta som inngår i høyringa sende per post. Samtlege høyringsdokument er tilgjengelege på www.luftfartstilsynet.no, under fana «Høring».

Kommunen må i samband med høyringa sjølv vurdere om søknaden skal bli lagt ut på lokal kommunal høyring før eventuell uttale blir gitt.

Med vennleg helsing

Nina B. Vindvik
juridisk direktør
Direktoratsavdelingen

Finn O. Meling
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og krev derfor ikkje signatur.

Vedlegg:

- Søknad om konsesjon (endring av konsesjonsvilkår)
- Luftfartstilsynet sitt vedtak om dispensasjon frå konsesjonsvilkåra
- Luftfartstilsynet sitt vedtak om midlertidig konsesjon
- Konsesjonsvilkår tilknytta Luftfartstilsynet sitt vedtak om midlertidig konsesjon

Adresseliste:

- Kvam herad, Grovagjelet 16, 5600 NORHEIMSUND - postmottak@kvam.kommune.no
- Fylkesmannen i Hordaland, PB. 7310, 5020 BERGEN - fmhopostmottak@fylkesmannen.no
- Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN - hfk@hfk.no
- Elkem AS Bjølvefossen, 5614 Ålvik